

Vestlandsrådet

Saksframlegg

Dato Referanse Saksbehandlar
07.03.2024 24/7306-4 Thomas Finnøy

Saksnr.	Utval	Møtedato
4/24	Vestlandsrådet arbeidsutval	14.03.2024

Organisering av sekretariatsfunksjonen

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

1. Vestlandsrådet AU stiller seg bak tiltaka iverksett av administrasjonen med fast fordeling av administrative oppgåver til fylkeskommunane. I tillegg vil kvar fylkeskommune utpeike ein fast kontaktperson knytt til virket i Vestlandsrådet. Dette vil være eit godt bidrag til auka kontinuitet.
2. Vestlandsrådet AU vidarefører ordninga der skifte av sekretariatsleiar følgjer skifte av leiar i Vestlandsrådet, og har kontorstad i same fylke. Rolla vert tildelt og ivaretatt av den faste kontaktpersonen som er utnemnd i kvart fylke. Dei faste kontaktpersonane som ikkje har sekretariatsleiarrolla, understøtter og bidreg i det administrative arbeidet i Vestlandsrådet.
3. Den faste fordelinga av administrative oppgåver gjer det nødvendig med endring av ordlyden i Samarbeidsavtalen, og denne vert framlagt i neste møte i Vestlandsrådet.

Bakgrunn

Sekretariatsfunksjonen i Vestlandsrådet har vore organisert på ulike vis, der det også har vore ein fast sekretariatsfunksjon. I dei seinare år har sekretariatsleiar følgt leiar for rådet, altså med skifte årleg. Det har også vore mykje utskifting av personar frå fylka i sekretariatsadministrasjonen med bl.a. innleie av eksterne ressursar.

Administrative funksjonar som heimeside, økonomi/rekneskap og dokumenthandtering/arkiv har følgt leiar for rådet og slik vorte overført frå fylkeskommune til fylkeskommune kvart år. Dette har resultert i mykje frustrasjon og meirarbeid i administrasjonane, samt at Vestlandsrådet manglar eit fullgodt arkiv.

I forbindelse med Workshopen for Vestlandsrådet 10.januar ble det stilt spørsmål om organiseringa av Sekretariatsfunksjonen i Vestlandsrådet. Det blei stilt spørsmål om det ville være tenleg med fast sekretariat, eller rullering som i dag men med økt funksjonstid – for eksempel 2 år. Det man ønsket var betre kontinuitet i arbeidet.

Administrasjonen i fylka ved fylkeskommunedirektørane har bestemt det følgande:

Dei administrative funksjonane blir plassert fast i fylkeskommunane slik:

- Økonomifunksjon vert lagt til Rogaland fylkeskommune
- Dokumenthandtering/Arkiv vert lagt til Møre og Romsdal fylkeskommune
- Heimeside/kommunikasjon vert lagt til Vestland fylkeskommune

Vidare er det bestemt at fylkesdirektørane utpeikar ein fast person som skal være tilknytt Vestlandsrådet på fast basis. Begge desse tiltaka er iverksett for å ivareta kontinuitet og få til ein meir rasjonell sekretariatsfunksjon.

Toril Hovdenak
fylkeskommunedirektør

Vedlegg: «VestlandsrådetSekretariatfunksjonen»

(Notat om Alternativ organisering av sekretariatsfunksjonen i Vestlandsrådet, skrevet av Thorbjørn Aarethun, sekretariatsleiar 2023)